

# MØTEPROTOKOLL STORD SOKNERÅD

Råd:	<b>Stord sokneråd</b>
Tid:	<b>Onsdag 23. mars 2022</b>
	<b>Kl. 19.00 – 21.00</b>
Møtestad:	<b>Kyrkjekontoret</b>
Opning:	<b>Kirsti</b>

**Innkalla:** Anders Dahl, Kirsti Angvik Frugård, Sigrunn Ljosland, Olav Johannes Oma, Dag Sele, Ingeborg I. H. Ørjasæter, Sigrid Beate Eskeland, Signe Vorland (1. vara)

**Andre tilstades:** Olaug Gloppen (soknediakon)

**Forfall:** Nils Dale Elde, Egil Petterteig, Dag Kjetil Lægreid (2.vara), Dagfinn Koppang (3.vara)

## SAKLISTE

### 2022/15- 012 Godkjenning av innkalling og sakliste

**Vedtak:** Godkjent, med følgjande tilleggssaker:  
Førerels reknescap 2021 (infosak)  
*Samrøystes*

### 2021/16- 012 Godkjenning av møtereferat frå sist soknerådsmøte

**Vedtak:** Godkjent  
*Samrøystes*

### Orientering frå AU om saker vedteke på fullmakt

Ingen saker

### 2022/17- 340 Diakoniarbeid i soknet

Soknerådet har invitert soknediakon og medlemmer i diakoniutvalet til møtet. Me ønskjer å høre om arbeidet som gjerast innan diakoni i Stord sokn, og kva utvalet og tilsette ser av moglegheiter og utfordringar framover. Det er ei målsetting at deltakinga i rådsmøtet kan vere ein arena for å inspirera kvarandre og løfte fram diakoniarbeidet. Soknerådet ønskjer gjerne innspel på kva me kan gjere for å spela diakonane og det diakonale arbeidet godt.

Soknerådet ønskjer og å drøfta arbeidet med revidering av diakoniplan og legg opp til ein samtale rundt innhald i ein slik plan, mål og visjonar/retning. Eksisterande diakoniplan er vedlagd som sakspapir.

#### **Vedtak:**

Nokre moment frå samtalen:

- Tema-samling med tema pyskisk helse og rus planlagd 31.mars.  
Denne vert gjennomført i samarbeid med kommunen og fleire frivillige lag, bl.a. Kirkens Bymisjon.
- Gjennomgang av årsrapporten frå diakoniarbeidet.
- Flyktningane frå Ukraina. Her må kyrkja vera på banen og sjå etter kva me kan bidra med. Støtta personlege initiativ og engasjement og samtidig evt. kopla seg opp mot kommunen.
- Sorggrupper. Ingen aktive no og ikkje mykje etterspurt i det siste, men fokus på å starta opp etter kvart.
- Besøksteneste. Nokre deltek, men ikkje lett å rekruttera fleire.
- Interkommunal døgnavdeling har teke initiativ til å involvera diakonane i arbeidet der og dette vi bli følgd opp vidare, men har så langt ikkje kome i gang.
- Diakoniplan. Lettare å utarbeida når vakant stilling blir dekka opp og ein har oversikt over ressursane.
- Plan om mulig inspirasjonssamling om diakoni i løpet av året.

Momenta frå samtalen blir tekne med i det vidare arbeidet og til orientering for soknerådet.

# MØTEPROTOKOLL STORD SOKNERÅD

## 2022/18- 121 Søknad om tilskot, Stord Soul Children

Stord Soul Children har våren 2022 gått i gong med å spele inn 5 låtar i studio som eit EP-prosjekt. Dei søker Stord sokneråd om kr 5 000 (eller ein annan sum) som støtte til prosjektet. Prosjektet har total kostnadsramme på kr 88 900,- og dei har så langt finansiert kr 74 000.

### Vedtak:

Soknerådet vedtek eit tilskot på kr 2000 til dette prosjektet. Stord Soul Children blir også invitert til å søkja om takkoffer til hausten.

Samrøystes.

## 2022/19- 315 Folk i sentrum

Prosjektleiar for arrangementet Folk i sentrum som i år vert arrangert 9. – 12. juni har tatt kontakt med kyrkjekontoret. Folk i sentrum er eit samarbeid mellom kommunen, frivillige organisasjonar og næringslivet. Dei har spurd om kyrkja kan tenkje seg å ha eit arrangement søndag 12.juni som kan inngå i programmet for Folk i sentrum? Til dømes utegudsteneste eller liknande?

Saksopplysing: Gudstenesteplanen har fellesgudsteneste ved gruvene 12.juni.

### Vedtak:

Stord sokneråd ønskjer å delta med utegudsteneste i sentrum 12.juni. Gudstenesta ved gruvene blir flytta.

Samrøystes.

## 2022/20- 360 Oppstart hausten 2022

Drøfting av mogleg oppstartsveke/-helg til hausten med mobilisering av aktivitetar.

Aktuelle perioder: 19.-21.aug / 26.-28.aug / 2.-4.sept (basarhelg Kyrkjestova) eller ukene innimellan disse helgene.

### Vedtak:

Det blir familegudsteneste 4. september. Utvala blir oppmoda til å vurdera oppstart i veka før eller etter dette. Koordinering, inkl. vurdering rundt evt. reSTART-helg blir teke opp i neste soknerådsmøte.

## Orienterings-/drøftingssaker utan vedtak:

1. «Kva skjer i kyrkja vår?», orientering v/sokneprest
2. Innspel frå utvala
3. Orientering frå Fellesrådet v/ Dag.
4. Kyrkja i media – refleksjonar
5. Førebels rekneskap 2021

## • Skriv, referat og meldingar

1. Referat, Arbeidsgruppe for frivillig teneste 16.feb
2. Referat, Kyrkjestova Fredheim 16.feb
3. Referat, Stord Kyrkjelege fellesråd 15.des
4. Referat, Gudstenesteutval 22.feb
5. Referat, Kyrkjelivsutval 3.mar
6. Introduksjonshefte frivillige medarb. Trosopplæringa
7. Det blir inspirasjonssamling for frivillige i kyrkja 27.04.22 kl 1900.  
Her er det sterkt ønskjeleg at alle frå soknerådet stiller!

Anders Dahl  
soknerådsleiar  
sign

Dag Sele  
referent  
sign